
Saksnr:	2020/76063-1
Saksbehandlar	Lasse Kolbjørn Anke Hansen
Dato:	04.11.2020

Til: Hovudutval for næring

Frå: Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling

Scenarioanalyse for næringslivet i Vestland - ferdigstilt

Hovudutval for næring vedtok i sak PS 55/2020 datert 16.9.2020 å løyver 1 million kroner til å finansiere scenarioanalysar for konsekvensane for næringslivet av koronapandemien. Midlane til scenarioanalysane vart løyvd frå disposisjonsfond (koronasituasjonen, ekstern støtte)

Vestland fylkeskommune har no i partnerskap med NHO, LO, KS, NAV, Bergen Næringsråd, Næringsalliansen i Hordaland, Sogn og Fjordane Næringsråd, Bergen kommune og Atheno fått utarbeid ei scenarioanalyse for næringslivet i Vestland. Analysen er gjort av Ernst & Young i tett samarbeid med partnerane.

Vestland er til no det einaste fylket i Noreg som presenterer ein rapport som ser på moglegheiter og utfordringar for heile næringslivet knytt til koronakrisa og globale megatrender som det grønne skiftet.

Rapporten vil bli lagt til grunn for arbeidet med Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Lansering

Analysen er blitt lansert på tre møte: i Bergen 28. oktober, Førde 3. november og Stord 11. november. Lanseringsmøta har kombinert digital og fysisk deltaking, og har involvert politisk leiing i fylkeskommunen, representantar frå partnerskapet, klyngene, sentrale næringslivsaktørar og andre interessentar.

Hovudfunn

Analysen viser at Covid-19 har ramma Vestland hardt og vegen tilbake til pre-pandeminivå vil ta tid i alle scenario. Næringar som reiseliv, olje og gass, maritim og verftsindustrien vil bli spesielt hardt ramma om ikkje etterspurnaden aukar igjen.

Analysen peiker også på moglegheiter og utfordringar for fylket, både på vegen ut av koronakrisa, men også framover i møtet med til dømes EUs «Green Deal» og digitaliseringa og robotiseringa av alle samfunnssektorar. Rapporten identifiserer eit stort potensiale for vekst for fylket, og vi har ein styrke innanfor mange av dei områda som vil vere vinnarar framover.

Samstundes er det mange utfordringar og barrierar vi saman må løyse. Nøkkelpunkt for å lukkast med ei grøn reindustrialisering av Vestland vil vere samhandling, infrastruktur, og vi må løyse utfordringane knytt til kraftsituasjonen.

Gjer vi alt rett viser rapporten korleis Vestland i 2035 vil vere eit førebilete innanfor vellukka grøn omstilling for resten av verda. Dersom vi ikkje griper moglegheitene vil vi kontinuerleg tape marknadsposisjon i eksportnæringane og tape kampen om den grønne leiartrøya.

Nyttige lenker

Det er laga **eit fyldig samandrag** av hovudfunna i analysen:

<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/vestlandsscenarioene-2020---executive-summaryv1.pdf>.

Rapporten i sin heilskap finn de her: https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/vestlandsscenarioene-ey-rapport-2020_.pdf.

Det finns også opptak av lanseringsmøta:

Bergen 28. oktober: <https://vimeo.com/470883170#t=9:08>.

Førde 3. november: <https://vimeo.com/475024508>

Stord 11. november:

<https://vlfk.mediasite.com/Mediasite/Play/9b0c5e9c7feb4315b91cc2af898be80e1d>